



VIK KOMMUNE



KOMMUNEDELPLAN SKULE

Kommunedelplan skule 2015 - 2026

Vedteken i kommunestyret 18.12.2014

Innhald

1. SAMANDRAG	4
2. VISJON OG MÅLOMRÅDE FOR GRUNNSKULEN	6
<i>2.1 Visjon</i>	<i>6</i>
<i>2.2 Vik-skulen – eit likeverdig opplæringstilbod</i>	<i>6</i>
<i>2.3 Pedagogiske satsingsområde i Vik-skulen</i>	<i>7</i>
<i>2.4 Kompetanseutvikling og rekruttering</i>	<i>8</i>
<i>2.5 Forsterka og synleggjera kvaliteten i opplæringa</i>	<i>9</i>
<i>2.6 Ein stabil skulestruktur over tid</i>	<i>9</i>
<i>2.7 Organisering og leiing</i>	<i>10</i>
3. UTFORDRINGSBILDE – GRUNNSKULEN I VIK	10
<i>3.2 Sikra ein stabil skulestruktur</i>	<i>10</i>
<i>3.3 Kommunikasjon og samferdsel</i>	<i>11</i>
<i>3.4 Kompetanse og rekruttering</i>	<i>11</i>
<i>3.5 Utfordringar med sentrale føringar</i>	<i>11</i>
4. HANDLINGSDELEN – TILTAK	12
<i>4.1 Strategi</i>	<i>12</i>
<i>4.2 Økonomiske rammer på kort og lang sikt</i>	<i>12</i>
<i>4.3 Tiltak</i>	<i>13</i>
5. GRUNNLAGET FOR KOMMUNEDELPLANEN.....	16
<i>5.1 Kommuneplan 2013-2024 Vik kommune</i>	<i>16</i>
<i>5.2 Nasjonale føringar.....</i>	<i>16</i>
5.2.1 FN sin barnekonvensjon.....	16
5.2.2 Folkehelsearbeid – samhandling mellom kommune og lokalsamfunn	17
5.2.3 Lovgrunnlaget for opplæringa.....	17
5.2.4 Lovgrunnlaget for skuleanlegg og miljø	18
5.2.5 Satsing på kunnskap	19
5.2.6 Kompetanse og fag i skulen i framtida.....	20
<i>5.3 Andre røyster i den pedagogiske debatten</i>	<i>22</i>
VEDLEGG 1: GRUNNSKULEN I VIK 2014.....	23
VEDLEGG 2: ARBEIDET MED KOMMUNEDELPLAN - GRUNNSKULE	36
VEDLEGG 3: ÅRSMELDING FRÅ SKULANE 2013	37

VEDLEGG 4: SKULANE I VIK KOMMUNE – POSITIVE KJENNETEIKN.....	39
VEDLEGG 5: PROGRAMPLAN SYSTEM FOR STYRKA LÆRING.....	40

1. Samandrag

Kommuneplanen 2013-2024 legg vekt på at Vik kommune skal vera ein god forvaltar og tenesteproducent. Kommunen skal ha ein personalpolitikk med opplegg for kompetanseheving og vidareutdanning av tilsette og planmessig rekruttering av nye fagfolk.

Den økonomiske ramma som er lagt til grunn i utarbeidinga av kommunedelplanen for grunnskulen, er kommunen sine tilgjengelege ressursar til ei kvar tid. Grunnhaldninga er å nytta ressursane på ein målretta og tenleg måte, samt å utløysa synergjar gjennom å sjå skiftande utfordringar og behov i kommune og region i samanheng gjennom samarbeid og samhandling. Organisering og bemanning skal vurderast og tilpassast økonomisk handlingsrom, nye krav til fagkompetanse og rekruttering som fylgje av naturleg avgang.

Investeringar skal i hovudsak styrast mot fylgjande tiltak:

- Kostnadsreducerande tiltak.
- Tiltak med stor grad av eksisterande finansiering.
- Tiltak innan sjølvkostområdet.

Kommunedelplanen for grunnskulen skal ha eit langsiktig perspektiv og medverka til:

- å sikra eit utviklande, likeverdig og godt skuletilbod til alle elevane i kommunen
- å sikra eit godt arbeidsmiljø for alle elevar og tilsette
- å sikra ein stabil skulestruktur over tid
- å sikra at elevane har ei akseptabel reisetid til og frå skulen
- å sikra funksjonelle og kostnadseffektive skuleanlegg
- å sikra nok skuleareal, både ute og inne
- å sikra at skuleareala er godkjende etter gjeldande lov- og regelverk

Folkehelseperspektivet skal gi grunnlag for innhald og tiltak i skulen i Vik. Eitt av måla i kommuneplanen 2013-2024 er *auka fokus på sunt kosthald og fysisk aktivitet*.

Ein god stad å vera, ein god stad å læra er grunnskulen i Vik sin visjon. Informantane i arbeidet med kommunedelplanen for grunnskulen er einige om at grunnskulane i Vik kommune er ein god stad å vera og ein god stad å læra. Skulane har mange "spesialitetar" både pedagogisk, teknisk og i bruk av nærmiljø og natur, noko som gjer dei enkelte skulane særigne.

Vik-skulen eit likeverdig opplæringstilbod

Eit likeverdig opplæringstilbod inneber at grunnskulen i Vik skal fungera som ein skule, uavhengig av skulestruktur. Dette gjeld i første omgang læringsmiljøet for elevane. Kommunen skal gjennom disponering av ressursane i skulen sikra eit inkluderande og utviklande læringsmiljø både fagleg og sosialt for alle elevane i kommunen, uavhengig av kvar dei bur.

Kompetanseutvikling og rekruttering

Det må lagast ein kompetansestrategi for å møte dei framtidige behov for rekruttering med omsyn til dei faglege krava som vert stilt, når det gjeld tilsetting av nye lærarar og anna

kompetanse som skulen treng. I tillegg til den fagkompetansen som trengst, bør det leggjast vekt på dei fagovergripande kompetansane som kommunikasjon, evne til samspel og konfliktløsning. Eit utviklande skulemiljø er den sterkaste enkeltfaktoren med omsyn til rekruttering.

Forsterka og synleggjera kvaliteten i opplæringa

I tillegg til myndekrav og forventning til skulen, er elevane og foreldra premissleverandørar for kva som vert opplevd som ein kvalitativt god skule i det daglege. Eit godt samarbeid mellom heim og skule vil vera ein føremon i arbeidet med å tiltrekkja kompetanse og busetting i kommunen.

Samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv er ein føresetnad for ein samfunnsaktiv skule, og for å sikra framtidig arbeidskraft. "Utdanningsval" på ungdomstrinnet er eit samarbeid mellom grunnskule og vidaregåande skule. Lokalt næringsliv er ein naudsynt part i tilrettelegginga av eit slikt tilbod.

Ein stabil skulestruktur over tid

Skulestrukturen med dei fire oppvekstsentra i bygdelaga i tillegg til Flatbygdi skule skal liggja fast, så lenge elevgrunnlaget er til stades og nye krav til kompetanse, pedagogisk opplegg og bygningsmessige rammer kan oppfyllest.

I første del av planperioden skal grunnskuleområdet i kommunen utgreiast. Eit viktig grunnlag vil vera forventa utvikling i busettingsmønster i kommunen.

Organisering og leining

Gjennom samarbeid omkring organisering av skuledag, skuleveke og skuleår, vil skuleleiarane vidareutvikla kvaliteten i Vik-skulen med omsyn til læring og ressursbruk. Grad av samordning av administrative oppgåver eller fordeling av ulike administrative ansvarsområde mellom rektorane eller andre, bør vurderast med omsyn til tidsbruk og funksjonalitet.

Eit pedagogisk fellesskap er viktig for utviklinga av Vik-skulen. Leiarar som utløyser tilsette sin kompetanse og engasjement, held på dyktige lærarar. Ein kommune som varetar arbeidsgivarrolla si, har positiv innverknad både på kompetansebygging og rekruttering. Ryktet om ein god skule trekkjer til seg dyktige lærarar og andre fagfolk. Dette krev medvit omkring omdømmebygging.

2. Visjon og målområde for grunnskulen

2.1 Visjon

Ein god stad å vera, ein god stad å læra er grunnskulen i Vik sin visjon.

I denne visjonen vert det mellom anna lagt følgjande:

- Aktive og glade barn
- Mestring og glede i kvardagen
- Trivsel og aktivitet
- Mestring, motivasjon og moglegheit
- Tryggleik og læring
- Evne til å sjå den enkelte elev

2.2 Vik-skulen – eit likeverdig opplæringstilbod

Barn og ungdom er forskjellige og opplæringa må ta omsyn til dette i skulekvardagen. Barn og unge er ein ressurs. Barn og unge har kunnskap som vaksne ikkje har. Barn og unge har førstehands-kunnskap om korleis det er å vera barn og ungdom i dag. Dei har kunnskap og synspunkt som kritiske observatørar og som brukarar av lokalmiljøet og tilboda i kommunen. Å få ta del i barn og unge sine erfaringar, gir vaksne ny kunnskap. Barn og unge skal meistra mykje, etter alder og utvikling, sjølve livet og dei kulturforskjellane som finst. Målet er å veksa som menneske.

Barn og unge har rett til

- trygge vilkår i oppvekst og utvikling
- å leva opp under tilhøve som fremjar helse og utvikling
- naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, når dei lever under tilhøve som kan skada helse og utvikling

Barn og ungdom med uvanlege livserfaringar, kan ha ein smerte vi ikkje ser, livserfaringar som usynleg bagasje, som dei ikkje sjølve er skyld i. Her er tidleg innsats viktig, og skulehelsetenesta, som eit lågterskeltilbod, er ein naturleg samarbeidsinstans for skulane. Det er viktig at læraren « ser barnet » og melder ifrå. Andre samarbeidspartar kan vera fysioterapitenesta, psykisk helsevern, barnevernet, PPT eller BUP. Vaksne må retta merksemda mot det som trengst for å snu vonde erfaringar til meistring i kvardagen, der det er naudsynt. Dei som kjem i kontakt med barnet først, skal sørgja for riktig hjelp i rett tid – jf. gjeldande særlover.

Barn og ungdom med særskilte behov har rett til hjelp til rett tid ut frå den enkelte sitt behov, jf. aktuelle særlover. Viktig arbeidsreiskap er individuell plan og samarbeidet mellom ulike aktørar. Tilbod i fritida må leggjast til rette, ha eit breidt innhald og godt tilgjenge, tilpassa alle. Særleg gjeld dette barn med nedsett funksjonsevne, og barn og unge med diagnosar som krev tilrettelegging.

Barn med langvarige og samansette behov har rett til å få oppnemnt ein personleg koordinator og utarbeidd ein individuell plan, slik at alle tenestene rundt barnet vert målretta og samordna. Behov for koordinator kan meldast til koordinerande eining i Vik kommune. Å fremja ei god psykisk helse og å førebyggja livsstilssjukdommar er nasjonale satsingsområde. Skulen er ein

viktig arena i barna sitt liv og mykje helsefremjande og førebyggjande arbeid kan skje der. Her vert tverrfagleg samarbeid viktig.

Foreldre/føresette er ein ressurs for skulen. Dei har den beste og næraste kunnskapen om barnet. Det er denne kunnskapen som gir læraren kompetanse til å møta eleven der ho/han er, og med sin fagprofesjonalitet utløyser engasjement og læringspotensialet hos eleven. Kvaliteten på relasjonen mellom lærar og elev er avgjerande for eleven sitt læringsmiljø. Forsking gjort av Anne Karin Sunnevåg ved *Senter for praksisrettet utdanningsforskning*, (SePU) ved Høgskulen i Hamar, syner at elevar med ein negativ relasjon til lærar, hamnar i ein marginaliseringsposisjon. Marginalisering tyder å verta sett på sida av viktige arenaer i samfunnet. For god utvikling treng barn og unge å verta møtt med anerkjenning.

Det er viktig for foreldra at dei som arbeider i skulen, har auge for deira barn. Foreldra forventar at skulen har kompetanse til å møta elevane der dei er, og at alle elvane får tilpassa opplæring.

Eit likeverdig opplæringstilbod inneber at grunnskulen i Vik skal fungera som ein skule, uavhengig av skulestruktur. Dette gjeld i første omgang læringsmiljøet for elevane. Kommunen skal gjennom disponering av ressursane i skulen sikra eit inkluderande og utviklande læringsmiljø både fagleg og sosialt for alle elevane i kommunen, uavhengig av kvar dei bur. Pedagogisk blir det i dag lagt vekt på elevane sine ulike måtar å læra på, slik at lærarane skal kunne utnytta elevane sine ulike strategiar for læring i si tilrettelegging av læringsmiljøet.

Skulen er ein stad der barn skal tileigna seg kunnskap i ulike fag og disiplinær. I tillegg er skulen ein av dei viktigaste arenaene for sosialisering, om ikkje den viktigaste. Difor skal det leggast vekt på tiltak for å utvida sosiale relasjonar:

- Meir felles aktivitetar – samarbeid mellom bygdene.
- Alle i Vik-skulen skal få verta kjente i alle krinsane.

Det finst ikkje forskingsmessig grunnlag for å hevda at skulestorleik¹ er avgjerande for læringsmiljø og elevane sin sosiale kompetanse. Det finst noko forskingsmessig grunnlag for å hevda at små bygdeskular gir noko betre grunnlag for godt samspel mellom skule og lokalsamfunn og for å integrera lokalsamfunnet i skulen sine læringsaktivitetar. Konklusjonen i forskingsarbeidet er at det er andre faktorar i rammene til skulen og verksemda i skulen som har større påverknad på kvaliteten i opplæringa enn storleiken på skulen. Av faktorar som vert nemnde er mellom anna lærarane, leiing og organisering av skulen, skulen sitt verdigrunnlag og klare prosessar for utvikling av skule og læringsmiljø.

2.3 Pedagogiske satsingsområde i Vik-skulen

Klasseleiing

- Felles retningsliner
- Tema for diskusjon i kollegiet
- Bruk av Utdanningsdirektoratet sine nettressursar

Tilpassa opplæring og vurdering

¹ Tone H. Sollien, Asplan Viak: Sammenheng mellom skolestørrelse og kvalitet. (vedlegg 6)

- Involvera elevane meir i vurderingsarbeidet (eiga vurdering)
- Eigavurdering ut frå kompetanse og resultat (skulen)

Auka IKT-kompetanse

Begynnaropplæring

- Lese, skrive og rekne

Lokalt læreplanarbeid

- Fagseksjonar
- Felles lokale læreplanar for skulen i Vik kommune

2.4 Kompetanseutvikling og rekruttering

Kvalitetslærer = kompetanse + personlegdom.

Det må lagast ein kompetansestrategi for å møta dei framtidige behov for rekruttering med omsyn til dei faglege krava som vert stilt, når det gjeld tilsetting av nye lærarar og anna kompetanse som skulen treng.

I tillegg til den fagkompetansen som trengst, bør det leggjast vekt på dei fagovergripande kompetansane som kommunikasjon, evne til samspel og konfliktløysing. Dette inneber tid til refleksjon over eiga åtferd og kjensler i møte med elevar og foreldre, medarbeidarar og andre samarbeidspartar.

Bruk av kompetanse og organisering av kompetanse er også avgjerande for å ha tilstrekkeleg og rett kompetanse, der det er behov for slik kompetanse. Dette må det takast høgde for i organiseringa av arbeidskraft og arbeidstid. Vidare bør organisering av arbeidstid verta eitt av verkemidla for målretta kvalitet og ressursbruk.

I Meld.St.18 (2010–2011), Læring og fellesskap, vart behovet for å heva systemkompetansen i PP-tenesta understreka. For å nå den politiske målsettinga om å heve systemkompetansen i PP-tenesta, vil PPT-tilsette no få eit tilbod om etter- og vidareutdanning. Målet med Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PPT 2013–2018 er å styrka dei tilsette sin kompetanse, og bidra til at PPT i større grad arbeider systemretta. Målgruppa for satsinga er tilsette og leiarar i PPT. Finansieringa av utdanninga er eit spleiselag mellom kommune, fylkeskommune og staten.

Prioriterte område er:

- Organisasjonsutvikling/endringsarbeid.
- Læringsmiljø og gruppeleiing.
- Rettleiing og rådgiing.
- Leiarutdanning.

2.5 Forsterka og synleggjera kvaliteten i opplæringa

I tillegg til myndekrav og forventning til skulen, er elevane og foreldra premissleverandørar for kva som vert opplevd som ein kvalitativt god skule i det daglege. Det er godt samarbeid mellom heim og skule i Vik. Dette vil vera ein føremøn i arbeidet med å tiltrekka meir kompetanse og busetting i kommunen.

Samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv er ein føresetnad for ein samfunnsaktiv skule, og for å sikra framtidig arbeidskraft. ”Utdanningsval” på ungdomstrinnet er eit samarbeid mellom grunnskule og vidaregåande skule. Lokalt næringsliv er ein naudsynt part i tilrettelegginga av eit slikt tilbod.

Ein viktig ambisjon for regjeringa framover er å samla alle aktørar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå til ein felles innsats for auka kompetanse. Utdanningssektoren, arbeidsmarknadspolitikken, regionalpolitikken, samt innovasjons- og næringspolitikken skal sjåast meir i samheng².

2.6 Ein stabil skulestruktur over tid

Kommunedelplanen for grunnskulen skal ha eit langsiktig perspektiv og medverka til å sikra ein stabil skulestruktur over tid. Skulestrukturen med dei fire oppvekstsentra i bygdelaga i tillegg til Flatbygdi skule, skal liggja fast, så lenge elevgrunnlaget er til stades og nye krav til kompetanse, pedagogisk opplegg og bygningsmessige rammer kan oppfyllest.

I dag samarbeider skulane om kompetanse og arbeidskraft gjennom samordning av timeplan. Kompetanse og storleik på stillingar kan aukast gjennom slikt samarbeid mellom skulane. Dette inneber at enkelte tilsette underviser på fleire skular i kommunen. Denne praksisen kan vidareutviklast slik at grunnskulen i Vik kan møte dei formelle krava om kompetanse i kommunen. Det er usikkert kva verknad delt arbeidsplass kan få for rekrutteringa av lærarar til kommunen.

Det er von om at Tilflyttingsprosjektet i Vik kommune skal føre til auke i folketalet. Kvalitativt gode barnehagar og skular er viktig for dei som ønskjer å busette seg i kommunen.

Gjennom å synleggjera kvaliteten og å marknadsføra skulen i Vik, skal grunnskulen i Vik vera ein del av profileringsmaterialet til Vik kommune, i samband med Tilflyttingsprosjektet.

Når det gjeld skulestrukturen i Vik kommune, må denne utgeiast i første del av planperioden. Viktige utgreiingsområde er grad av klargjering av bustadtomter og busettingsmønster i kommunen. Vidare må bruken og fordelinga av timeressursane mellom skulane utgreiast. Skuleanlegga må vurderast ut frå FDV-kostnader (forvaltning, drift og vedlikehald) og lovpålagte krav om inn klima. Skuleskyss og reisetid for elevane må vurderast med omsyn til framdrift for rassikring og utbetring av aktuelle vegar i kommunen.

Imellom den skulestrukturen som Vik kommune har i dag, og ein struktur med ein grunnskule 1-10 med 313 elevar, kan det tenkjast mange ulike modellar. Det må utgreiast ulike alternativ for framtidig skulestruktur før elevgrunnlaget ikkje er til stades og kompetanse og bygningsmessige rammer ikkje kan oppfyllest.

² Pressemelding frå Kunnskapsdepartementet 04.09.2014 Nr.: 35-14

2.7 Organisering og leiding

Gjennom samarbeid omkring organisering av skuledag, skuleveke og skuleår, vil skuleleiarane vidareutvikla kvaliteten i Vik-skulen med omsyn til læring og ressursbruk.

Korleis kommunen vel å løysa dei administrative oppgåvene i Vik-skulen, er eit anna viktig område for ein konstruktiv prosess. Grad av samordning av administrative oppgåver eller fordeling av ulike administrative ansvarsområde mellom rektorane eller andre, bør vurderast med omsyn til tidsbruk og funksjonalitet. For ein kommune på Vik sin storleik, er det viktig å vurdere samarbeid og fordeling av naudsynte oppgåver. Det er ulike oppgåver som kan løysast gjennom at skuleleiarane fordeler oppgåvene mellom seg, eller finn felles ressurs til bestemte administrative oppgåver.

Med auka krav til kompetanse i grunnskulen, er det naudsynt å bruka kompetansen ved fleire enn ein skule. Dette vil gi eit større pedagogisk fellesskap for utviklinga av Vik-skulen. Dette må og vurderast ut frå tilsette sin arbeidssituasjon, og vidare korleis verknad delte stillingar kan ha på rekruttering av framtidig arbeidskraft.

Eit utviklande skulemiljø er den sterkaste enkeltfaktoren med omsyn til rekruttering. Leiarar som utløyser tilsette sin kompetanse og engasjement, held på dyktige lærarar. Ein kommune som varetar arbeidsgivarrolla si, har positiv innverknad både på kompetansebygging og rekruttering. Ryktet om ein god skule trekkjer til seg dyktige lærarar og andre fagfolk. Dette krev medvit omkring omdømmebygging.

3. Utfordringsbilde – grunnskulen i Vik

Økonomiske rammer i første del av planperioden 2014 -2016 vil vera sterkt prega av Terra-saka og status som Robek-kommune. Plan for inndecking av det akkumulerte underskotet går fram til og med 2016. Ein vidare reduksjon i folketalet vil gi reduserte rammeoverføringar frå staten, og vil krevja tilsvarende reduksjon i driftskostnadane.

I planperioden vil talet på innbyggjarar 6-15 år, etter SSB sin prognose, gå ned. Dette har innverknad på dei statlege overføringane til kommunen.

Som Robek-kommune vil Vik kommune ha avgrensa høve til å finansiere prosjekt ved låneopptak. Det er forventa eit stort investeringsbehov for å ta att etterslep på vedlikehald og utsette tiltak.

3.2 Sikra ein stabil skulestruktur

Spørsmål om skulestruktur skaper alltid engasjement og uro for dei som opplever at deira skule kan verta lagt ned. Dersom det vert naudsynt med endring i skulestrukturen, må kommunen sikra at saka er grundig utgreidd og opplyst.

I handlingsdelen av kommunedeldelplanen er gjennomgang av skulestrukturen ut frå eit kvalitetsperspektiv og eit kostnadsperspektiv, eitt av tiltaka. Denne utgreiinga bør gjennomførast i første del av planperioden, slik at grunnlaget for politisk avgjerd er best mogleg.

3.3 Kommunikasjon og samferdsel

Vik kommune treng opprusting av vegnettet i kommunen med omsyn til rassikring og standard. Vidare trengst gode offentlege kommunikasjonar og utbygging av høgkapasitetsbreiband i heile kommunen for å sikra næringsutvikling og eit utvida bu- og arbeidsområde.

3.4 Kompetanse og rekruttering

I 2014 er det 56 tilsette i grunnskulen. Av desse er 10 lærarar med allmennutdanning mellom 60 og 69 år. I aldersgruppa 50 til 59 år er det 17 allmennlærarar. Når desse lærarane sluttar i skulen, må kommunen rekruttera lærarar i samsvar med dei nye krava om kompetanse (jamfør tabell 5.2.5.1 og 5.2.5.2).

3.5 Utfordringar med sentrale føringar

Gjennom Lærarløftet skal det giast tilbod om etter- og vidareutdanning for lærarane. Dette skal gjera læraryrket meir utfordrande og givande. Staten gir tilskot til slik utdanning. For at dette skal verta ein realitet, må kommunane også bidra med økonomi og tilrettelegging.

4. Handlingsdelen – tiltak

Ein viktig føresetnad for målretta bruk av tilgjengelege ressursar, i ein kommune på Vik sin storleik, er å samarbeida og samhandla med andre tenesteområde i kommunen for å utløysa synergjar. Vik kommune har slik erfaring frå ulike tenesteområde og kan vidareutvikla dette arbeidet.

Samarbeid og samhandling gjeld og frivillige, lag og organisasjonar og næringsliv. Vik kommune samarbeider interkommunalt på fleire område i regionen.

Ein føresetnad for rekruttering er eit godt omdømme gjennom ryktet om ein skule i utvikling og endring, der mobilisering av eigen kompetanse er grunnlaget for engasjerte medarbeidarar. Skular/oppvekstsentra der leiarar og tilsette opplever å medverka til utvikling og som møter utfordringane i fellesskap, er viktige for å tiltrekka seg ny arbeidskraft.

Målområda og tiltaka skal sikra kvaliteten i skulane i Vik. Tiltaka skal gjera kommunen i stand til å møte utfordringane, både økonomisk, kompetansemessig og for å skapa band mellom barn og unge i dei ulike bygdene i Vik kommune.

4.1 Strategi

Utviklinga i skulen må sjåast i samheng med arbeidet for auka busetting. Vidare skal folkehelseperspektivet gi grunnlag for innhald og tiltak i skulen i Vik.

Strategi

Vik kommune satsar på å sikra kompetanse og arbeidskraft med bakgrunn i lovkrav og lokale og sentrale tiltak for kompetanseheving.

Vik kommune skal forsterka og synleggjera kvaliteten ved opplæringa, med vekt på

- elevane sin faglege, psykiske og sosiale utvikling
- eit inkluderande læringsmiljø
- aktivitet i skulekvardagen

Vik kommune skal sikra ein stabil skulestruktur over tid gjennom samarbeid om

- kvaliteten i opplæringa
- elevane si helse og trivsel
- gode arbeidsvilkår for tilsette i grunnskulen

4.2 Økonomiske rammer på kort og lang sikt

Det er eit overordna mål for Vik kommune å sikra kvaliteten på opplæringa i grunnskulen og optimal bruk av dei ressursane som kommunen til ei kvar tid rår over. På kort sikt vil økonomien vera stram. Dette har samband med nedbetaling av akkumulert gjeld og overordna inntekts- og skattefinansar.

Når gjelda er nedbetalt, vil det vera meir å disponera, men da er det mange oppgåver som treng driftsmidlar og investering.

Tiltaka i handlingsdelen i kommunedelplanen for grunnskulen i Vik kommune må difor vurderast opp mot kommuneøkonomi, kvalitet og prioriteringar.

4.3 Tiltak

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	<p>Tilstandsrapport for skulebygg. Det skal i planperioden gjennomførast prosjekt som har som formål å gi grunnlag for vedlikehald og renovering eller nybygg.</p>	Rådmann	2015
2	<p>Organisera skuledag, skuleveke og skuleår med omsyn til læring og ressursbruk:</p> <p>Vik kommune skal vidareutvikla samarbeidet mellom skulane, og på den måten sikra god kvalitativ opplæring for alle elevane i kommunen.</p> <p>Dette kan gjerast mellom anna gjennom</p> <ul style="list-style-type: none"> - å nytta "badedagen" også til anna undervisning - felles fagdagar - prosjektarbeid på tvers av alle skulane - ekskursjonar (entreprenørskap og næring) <p>Gjennom eit slikt samarbeid kan skulen og kommunen profilera seg.</p>	Rådmann	2015
3	<p>Utarbeida kompetansestrategi – kontinuerleg arbeid med kompetanseplanlegging.</p> <p>Kommunen skal ha ein oppdatert kompetanseoversikt over dei tilsette i skulane. (rullering kvar haust)</p> <p>Kompetanseoversikta skal nyttast</p> <ul style="list-style-type: none"> - ved utlysing av stillingar - ved prioriteringar i høve vidareutdanning - i høve å sikra arbeidet med satsingsområda til kommunen/skulen - for å setja saman lokale fagnettverk - for å kunne nytta kompetansen til dei tilsette på tvers av skulane <p>Den kommunale kompetanseplanen skal oppdaterast årleg.</p>	Rådmann	2015
4	<p>Tenkja heilskap i kommunen – samarbeida med andre tenester og med frivillige:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skulehelsetenesta og andre med ansvar for barn og unge - Omdømmebygging - Kompetansedeling mellom skulane og næringsliv (verksemder) - Ungdomslag/bygdelaga 	Rådmann	2016

	Tiltak	Ansvar	Tid
	- Nytt skulebygg også på fritid (helg og kveld)		
5	Koordinering med øvrige planar som er omhandla i kommundelplan for Vik kommune – Del 2 handlingsplan.	Rådmann	2015
6	<p>Forsterka og synleggjera kvaliteten i opplæringa. Fokus på det skulen gjer bra og forbetre dette:</p> <ul style="list-style-type: none"> - STL – vidareføra satsinga i Vik kommune - IKT – iPad/PC. Alle ungdomsskuleelevane i Vik har sin eigen maskin (jf. IKT som grunnleggjande dugleik) - Den Naturlege Skulesekken (DNS)/uteskule/bruk av nærmiljø/lokalsamfunnet - FYSAK – satsing på fysisk aktivitet i skulen - Den kulturelle skulesekken - Små skular – gode på tilrettelagt undervisning <p>Synleggjera kvaliteten – marknadsføring av skulen i Vik</p> <ul style="list-style-type: none"> - Info-hefte: Skulen som del av profileringsmaterialet til Vik kommune - Arbeida for å få gode medieoppslag - Nettverksbygging i ulike fora (media, andre skular, fagmiljø, karriereressursar osv.) 	Rådmann	
7	Vik-skulen skal sikra gode overgangar , frå barnehage til skule, frå barneskule til ungdomsskule, frå ungdomsskule til vidaregåande skule.		
8	<p>Organisering av leksehjelp 01.08.2014 vart endring av opplæringslova § 13-7a gjort gjeldande. Lovendringa opnar for at kommunen / skulen kan tilby leksehjelpa på alle trinn. Elevane skal i løpet av grunnskulen ha hatt tilbod om 8 vekeimar leksehjelp.</p> <p>Vik kommune tilbyr skuleåret 2014/15 leksehjelp for 1. – 4. trinn (slik lova låg føre fram til 1.august 2014).</p> <p>I løpet av skuleåret 2014/15 skal Vik kommune drøfte endring av dette. Her skal skular og FAU involverast i ein prosess som munnar ut i tilbodsstruktur f.o.m. skulestart 2015.</p> <p>Fylgjer av omlegging som må drøftast, er m.a.:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Refusjon frå staten etter sats for fagarbeidar. Ved leksehjelp «oppover i klassane» må lærar nyttast. - Talet leksehjelpgrupper vil truleg auka når eldre elevar får tilbodet. - Skyssproblematikk. 	Rådmann	2015

	Tiltak	Ansvar	Tid
	<ul style="list-style-type: none"> - Kva fag skal prioriterast. - Elevane er sjølvsagte deltakarar i prosessen (elevråda). <p>Oppvekstsjef og rektorkollegiet er ansvarleg for å starta prosessen.</p>		
9	Kulturskulen i Vik	Rådmann	2015
10	<p>Gjennomgang av grunnskuleområdet ut frå eit kvalitetsperspektiv og eit kostnadsperspektiv.</p> <p>Kvalitetsperspektiv:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Elevane sitt faglege utbytte -Elevane sin sosiale kompetanse (mobbing, trivsel etc.) -Elevane sin motivasjon for læring -Elevmedverknad -Tilpassa opplæring og like muligheiter -Samarbeid med heimen -Samarbeid med lokalsamfunnet <p>Kostnadsperspektiv:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Timeressursar – administrasjonsressursar -Skuleanlegga – FDV-kostnader (forvaltning, drift og vedlikehald) – undervisningsareal – og uteareal -Skuleskyss og reisetid for elevane – kommunale kostnader -Utvikling av elevtal og bustadbygging – mønster for busetting 	Rådmann	2016
11	<p>Handlingsplan</p> <p>Utarbeiding av handlingsplan for gjennomføring og oppfølging av interne og eksterne satsingar/utviklingsprosjekt.</p>	Rådmann	2015

5. Grunnlaget for kommunedelplanen

Kommunedelplan for grunnskulen følger retningslinene i vedtatt kommuneplan 2013-2024 og prosessreglane i plan- og bygningslova. Den skal vidare vera overordna eventuelle temaplanar/fagplanar i sektoren.

I det følgjande vert lokale føringar (pkt. 2.1) og sentrale føringar (pkt. 2.2) omtala.

5.1 Kommuneplan 2013-2024 Vik kommune

Overordna mål

Vik kommune ønskjer auka busetting, med kommunesenteret Vik og bygdene Arnafjord, Vangsnes, Feios og Fresvik som levande bygder. Kommunen ønskjer å verta ein del av eit større bu- og arbeidsområde gjennom trygge samband med omverda og å ta i mot innflyttarar og etablerarar på ein i møtekomande måte.

Eit forpliktande samarbeid mellom Vik kommune, næringsliv og offentlege verksemder skal gi gode vilkår for arbeidsplassane. Rammene for engasjement, deltaking og utvikling er mellom anna natur, idrett og kultur.

Hovudmål for oppvekst

Grunnskulen skal gi gode oppvekstvilkår og læring med forankring i lokalmiljøet, og øva opp evne og vilje til aktiv deltaking i samfunnet (Kommuneplanen 2013-2024).

Det er eit overordna mål for kommunen å sikra kvalitet i skulen og optimal bruk av dei ressursane som kommunen til ei kvar tid rår over (Planprogram: Tematisk kommunedelplan for grunnskulen).

Skulestrukturen med oppvekstsenter i bygdelaga i tillegg til Flatbygdi skule, skal liggja fast så lengje elevgrunnlaget er til stades og nye krav til kompetanse, pedagogisk opplegg og bygningmessige rammer kan oppfyllest.

Skulane sin funksjon som fritidsarena, møtestad og kulturhus i bygdene må vidareutviklast. Kulturskulen skal gi tenleg opplæringstilbod på kulturområde, og yta dirigenttenester til kor og korps.

Nynorsken si stilling i undervisninga skal styrkast.

5.2 Nasjonale føringar

Lover og forskrifter legg føringar og set rammer for grunnskulen i kommunane. I tillegg kjem utgreiingar (NOU) og meldingar til Stortinget (Meld.St.) som skildrar verdigrunnlaget og retninga for utvikling av grunnskulen.

I det følgjande vert det gjort greie for dei viktigaste nasjonale føringane som Vik kommune må kjenna til, for å finna Vik kommune sin veg i utviklinga av grunnskulen for framtida.

5.2.1 FN sin barnekonvensjon³

Barn og ungdom har behov for å verta sett og høyrd for å utvikla sin personlegdom og sine sterke sider. Barn og ungdom ønskjer å sjå seg sjølve som ein del av eit større heile, å høyre til. Eitt av hovudprinsippa er barn og unge sin medråderett (Artikkel 12).

³ FN sin barnekonvensjon vart ratifisert i Noreg i 1991. I 2003 vart konvensjonen inkorporert i norsk lov.

5.2.2 Folkehelsearbeid – samhandling mellom kommune og lokalsamfunn

Folkehelsearbeid handlar om å skapa gode oppvekstvilkår for barn og unge, førebyggje sjukdom og skadar og å utvikla eit samfunn som stimulerer til fellesskap, gir trygge rammer, inkludering og deltaking for alle innbyggjarane i kommunen. Dette krev systematisk og langsiktig innsats på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Samfunnsutvikling for god folkehelse

Ny folkehelselov av 1.januar 2012 føreset at kommunen skal bruka alle sine sektorar for å fremja folkehelse, ikkje berre helsesektoren. Kommunen skal gjennom sitt førebyggjande arbeid freista å jamna ut og fjerna dei økonomiske og sosiale faktorane som fører til ulik fordeling av helse i folket.

Kvart fjerde år skal regjeringa leggja fram ei stortingsmelding om folkehelsepolitikken. Som eitt av fleire grunnlag for arbeidet med neste folkehelsemelding (kjem juni 2015), har Helsedirektoratet utarbeidd ein rapport (Folkehelse rapporten 2014 IS-2203) om status og råd for vidareutvikling av folkehelsearbeidet: *Samfunnsutvikling for god folkehelse*. Her er nokre av råda frå Folkehelse rapporten:

- Vi må tenkja folkehelse og fordeling i alt vi gjer, så lenge sosial ulikskap i helse oppstår på grunn av ulik ressursfordeling på ein rekkje samfunnsområde og gjennom heile livet.
- Gode kår i barndommen gir spire til eit godt liv med god helse. Samordna og betre samspel mellom samfunnsaktørane.

Å meistra kvardagslivet sine oppgåver og utfordringar er avgjerande for psykisk helse og trivsel. Føresetnad for å meistra våre liv ligg på mange livsarenaer som familie, barnehage, skule, arbeidsliv, nærmiljø og fritid. Når psykisk helse er eitt av dei viktigaste satsingsområda innan folkehelsearbeidet, må vi retta merksemda mot dei ulike livsarenaene og skifta fokus frå sjukdom til trivsel.

Regjeringa presenterte i kommuneproposisjonen mai 2014, ein plan for ei kommunereform i denne stortingsperioden. Reforma skal gi større kommunar som kan få fleire oppgåver og meir sjølvstyre. Kommunereforma er ei velferdsreform. Målet er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, berekraftige og økonomisk robuste kommunar⁴ og eit styrka lokaldemokrati.

5.2.3 Lovgrunnlaget for opplæringa

Opplæringslova, ”Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa”, gir rammer for organisering av opplæringa. Dei viktigaste paragrafane for arbeidet med kommunedelplanen for grunnskulen, er kommentert i det følgjande.

§ 8-1 Skulen - Nærskuleprinsippet i opplæringslova:

”Grunnskuleelevene har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrift om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til.

⁴ Robuste kommunar er kommunar som har tilstrekkelege ressursar, både økonomisk og fagleg til å levere kommunale tenester no og i åra som kjem. Det er kommunar som kan bidra til å utvikle sine lokalsamfunn, der lokaldemokratiet er meningsfylt og der folk ønskjer å busette seg. (Tale/artikkel, 14.01.2014 av Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner)

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skule i nabokommunen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skule enn den eleven soknar til."

Kommentar: Dette inneber at kvar skule skal ha sitt klart definerte inntaksområde. Alle elevar som bur i det same inntaksområdet, har den same retten til å gå på nærskulen. Dette gjeld også elevar frå ein skule som er nedlagt og som vert overført til eit anna inntaksområde. Nærskule er å forstå som den nærmaste skulen innan inntaksområde, som har det aktuelle årstrinnet.

§ 8-2 Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper

"I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vera større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen."

Kommentar: Dei strenge krava til delingstal, er oppheva. Dette opnar for meir fleksibel organisering av undervisninga. Kommunen kan ikkje bruka dette punktet åleine til å spara utgifter til skuledrift. Intensjonen i lova er å gjera det mogleg for kommunane og skulene å nytta ressursane til det beste for alle elevane i kommunen.

§ 9-1 Leiing

"Kvar skule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing.

Opplæringa i skulen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skulane og arbeide for å vidareutvikle verksemda.

Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorar kan tilsetjast på åremål.

Departementet kan etter søknad gjera unntak frå reglane i andre ledd og gi høve til andre måtar å organisere leiinga på."

§ 13-10 Ansvarsomfang

Kommunen som skuleeigaren skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova vert oppfylte. Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgja opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret.

5.2.4 Lovgrunnlaget for skuleanlegg og miljø

§ 9-5. Skuleanlegga

Kommunen skal sørgja for tenlege grunnskolar.

I 2003 vedtok Stortinget ei lovendring i Opplæringslova (§ 9a), som gir alle elevar rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Endringa gjeld både for nye og gamle skular:

§ 9a i Opplæringslova:

”Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og driftast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skulen skal vera i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til ei kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunna dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skulen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane som har funksjonshemmingar.”

Til helse- og omsorgstenestelova høyrer forskrifter som stiller krav til miljøet i ulike typar bygningar, for eksempel ” Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v” Forskrifta inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og stiller krav til ansvarstilhøve, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage.

5.2.5 Satsing på kunnskap

Ungdomsskulesatsinga i Vik kommune

Målet er å gi elevane på ungdomstrinnet auka motivasjon for læring og betre læringsresultat. For å motivera elevane til innsats må opplæringa, skulekvardagen vera praktisk, variert, relevant og utfordrande.

Sentrale område på ungdomstrinnet er:

- Auka valfridom gjennom innføring av valfag og fleksibilitet
- Betre klasseleiing
- Betre opplæring i rekning og lesing

Kunnskap og kompetanse

Regjeringa vil gjennomføra ei stor satsing på kunnskap. Kunnskap skal styrka norsk konkurransekraft og byggja landet for framtida. Dei grunnleggjande dugleikane skal prioriterast og samstundes sikra alle elevar eit godt læringsmiljø.

Vidare skal det satsast på å auke interessa for realfag og teknologi og styrkja rekrutteringa til faga. Regjeringa signaliserer auka satsing på realfag i heile utdanningsløpet, frå barnehage til forskning og arbeidsliv.

Det skal vidare satsast på tiltak retta mot vaksne med svak lesekompetanse og vaksne som manglar grunnleggjande dugleikar, samt styrka koordineringa av vaksenopplæringa.

Gjennom Lærarløftet skal kvaliteten i lærarutdanninga løftast. Og tilbodet om etter- og vidareutdanning for lærarane, skal gjera læraryrket meir utfordrande og givande. Frå 2017 vert det lagt opp til å innføra femårig lærarutdanning på masternivå.

Kompetansekrav ved tilsetting

Krava gjeld for tilsette etter 1. januar 2014. For unntak av krava vert det vist til rundskriv frå Utdanningsdirektoratet (Udir – 5 – 2014)⁵

Tabell 5.2.5.1 Kompetansekrav ungdomsteget

Fag	Krav ved tilsetting
Norsk	60 studiepoeng
Matematikk	60 studiepoeng
Engelsk	60 studiepoeng
Øvrige fag	30 studiepoeng
Arbeidslivsfag og Valfag	Ikkje krav til studiepoeng

Tabell 5.2.5.2 kompetansekrav barnesteget

Fag	Krav ved tilsetting
Norsk	30 studiepoeng
Matematikk	30 studiepoeng
Øvrige fag	Ikkje krav til studiepoeng

Yrkesfagløftet og Lærlingløftet

Både privat og offentlig sektor treng dyktige medarbeidarar med fag- og yrkesutdanning. Dette skal skje gjennom Yrkesfagløftet, som inneber å etablere fleire lærlingplassar og fleire tilpassa utdanningsløp. Lærlingløftet skal hjelpe bedrifter som vil verta lærebedrift og slik gjera alle norske bedrifter merksame på kor viktig lærlingordninga er for den framtidige rekrutteringa, både i privat og offentlig sektor.

Rapportering og dokumentasjon

Både nasjonale utdanningsmyndigheit, kommunar og fylkeskommunar har eit lovfesta ansvar for å sikra kvalitet og utvikling i skulane. Dette skjer mellom anna gjennom rapportering og dokumentasjon. For å gi meining i utvikling av skulen og drifta, må rapportering og dokumentasjon verta opplevd som nyttige reiskap for eit betre læringsmiljø.

Kunnskapsdepartementet og KS har starta eit prosjekt for å få oversikt over dei samla krava til rapportering og dokumentasjon i skulen. Prosjektet skal sjå på rapportering både på lærar-, skuleleiar- og skuleeigarnivå. Sluttrapporten skal vera ferdig innan 1. desember 2014.

5.2.6 Kompetanse og fag i skulen i framtida

Eit utval leia av professor Sten Ludvigsen, har sett på kva krav samfunnsliv og arbeidsliv vil stilla til skulen i framtida og i kor stor grad skulen i dag dekkjer dette⁶. Delutgreiinga vart levert 3. september 2014. Hovudutgreiinga skal leverast innan 15. juni 2015. Der vil utvalet vurdere om nokre fagområde bør styrkast, og om nokre enkeltfag bør erstattast av nye fag. Delutgreiinga er eit kunnskapsgrunnlag, men seier og noko om innhaldet i hovudutgreiinga. Her er noko av det utvalet har kome fram til:

- Evne til kritisk tenking, problemløysing, kommunikasjon og samarbeid vil verta enda viktigare i framtida.

⁵ Rundskriv Udir-5-2014 *Krav om relevant kompetanse for å undervise i fag mv.*

⁶ Delutgreiinga NOU 2014;7 Elevenes læring i fremtidens skole.

- Utvalet legg til grunn eit breitt kompetanseomgrep som inkluderer både kognitive, praktiske, sosiale og emosjonelle sider ved elevane si læring.
- Fleire av faga i skulen i dag er svært breie i omfang. Dette kan gå ut over læring i djupna (dybdelæring) og fagleg progresjon for elevane.

I tillegg til fagspesifikk kompetanse, legg utvalet vekt på den fagovergripande kompetansen som kommunikasjon, evne til samspel og konfliktløysing.

Målet er at innhaldet i skulen skal førebu elevane godt nok til livet etter skulen og til livslang læring.

5.3 Andre røyster i den pedagogiske debatten

Eldar Taraldsen, høgskulelektor ved Høgskulen i Nord-Trøndelag⁷:

Barns vilje og evne til å overskride sine tilsynelatende begrensninger er et vitnesbyrd om at fordommer som et testende og diagnostiserende system innebærer, bør avvikles og tilbakelegges. Alle barn har ubegrensede muligheter til å oppnå uante og overraskende resultater. Det bør være skolens nye og profesjonelle utgangspunkt. Svarene befinner seg i den pedagogiske filosofi – den mest praktiske tilnærmingen til pedagogisk arbeid.

Gert Biesta, professor i pedagogisk teori ved University of Luxembourg⁸:

Mens myndigheter og politikere har et abstrakt og distansert perspektiv på utdanning, hovedsaklig basert på statistikk og prestasjonsmålinger som enkelt lar seg manipulere, og som det er lett å mene noe om, forholder lærerne seg til levende mennesker, og de innser raskt at utdanning ikke lar seg "fikse" så lett, eller at den bare kan "fikses" til en svært høy pris. Trangen til en sterk, trygg, forutsigbar og risikofri utdanning er en slags ønsketenkning der man ser vekk fra dette faktum. Den er et forsøk på å fornekte at utdanning alltid forholder seg til levende "materiale", det vil si levende mennesker, ikke livløse objekter.

⁷ Kronikk i Trønder-Avisa 17. juli 2014.

⁸ Gert Biesta i si ferske bok "Utdanningens vidunderlige risiko" 2014.

Vedlegg 1: Grunnskulen i Vik 2014

1.1 Framskriving av folketalet i Vik

Gjennom framskriving av folketalet kan kommunen sjå korleis utviklinga i dei ulike aldersgrupperingane kan utvikla seg. Framskrivinga er ein prognose frå Statistisk sentralbyrå bygd på middels nasjonal vekst (mmmm).

Tabell 1.1.1 Framskriving av folketalet i Vik kommune 2014-2040 (SSB-tal mmmm)

Vik	2014	2020	2025	2030	2035	2040
0 år	27	27	27	25	24	25
1-5 år	134	144	143	138	130	126
Sum 1-5 år	161	171	170	163	154	151
6-12 år	222	205	203	203	200	190
13-15 år	91	94	87	87	88	87
Sum 6-15 år	313	299	290	290	288	277
16-19 år	148	129	129	116	118	117
20-66 år	1 505	1 427	1 357	1 293	1 265	1 235
67-79 år	341	386	427	423	393	372
80-89 år	191	162	156	199	230	233
90 år og eldre	57	61	55	50	52	66
80+	248	223	211	249	282	299
Totalt	2 716	2 635	2 584	2 534	2 500	2 451

Dersom denne prognosen (tabell 1.1.1) vert realitet, går folketalet jamt ned mot 2040. Talet på innbyggjarar 6-15 år er 11,5 prosent av innbyggjartalet i 2014, i 2025 er prosenten 11,2 og i 2040 vil den prosentvise delen av innbyggjarane 6-15 år i Vik vere 11,3 prosent.

I prognosen går talet på innbyggjarar 20-66 år jamt nedover frå 2014 til 2040. Det er denne delen av folketalet i kommunen som utgjer ein viktig del av arbeidskrafta i Vik kommune. I 2014 er kvar femte innbyggjar 67 år eller eldre. I 2024 er nesten kvar fjerde innbyggjar 67 år eller eldre.

Tabell 1.1.2 Krinsvis framskriving av elevtalet 2014/15 til 2019/20.

Skuleår	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
Fresvik	12	12	12	10	11	13
Feios	18	19	17	14	11	10
Vangnes	18	22	21	16	17	13
Valsvik	17	16	16	14	11	8
Vik	145	143	143	136	135	126
Sum	210	212	209	190	185	170

1.2 Utgiftsbehov og økonomiske rammer i planperioden

Inntektssystemet for kommunane som vert omtala i ”Grønt hefte”, viser statlege overføringar til kvar enkelt kommune. Som grunnlag for statlege overføringar, ligg utrekningar av dei ressursane ein kommune treng for å utføra lovpålagte oppgåver. Dette vert kalla kommunen sitt *utgiftsbehov*. Utgiftsbehovet vert utrekna i prosent av landet sitt utgiftsbehov, som alltid er 100 eller 1 i tabellane.

For grunnskulen i Vik er utgiftsbehovet 1,06, om lag på same nivå som landet sitt utgiftsbehov. Ut frå denne faktoren får Vik kommune tildelt sine statlege midlar til grunnskule (tabell 1.2.2). Når elevtalet går ned, slik prognosen indikerer i denne planperioden, vil også dei statlege overføringane til Vik kommune gå ned.

Tabell 1.2.2 Utgiftsbehov grunnskule

	<i>Innb. 6-15 år</i>	<i>Basis-kriterium</i>	<i>Reise-avstand innan sona</i>	<i>Reise-avstand til nabokrins</i>	<i>Innb. 6-15 år</i>	<i>Norsk fødde 6-15 år m/ innv. foreldre</i>	Berekn utgiftsbehov
Vik	0,94	4,36	2,19	2,03	0,87	0,15	1,06
Lærdal	1,03	5,47	1,87	2,07	0,42	0,37	1,14
Luster	1,07	2,34	2,36	1,96	0,54	0,08	1,13
Leikanger	1,18	5,19	0,35	0,85	0,80	0,06	1,21
Kostragr.03	1,02	4,24	1,98	1,99	0,96	0,32	1,12


Økonomiske rammer i første del av planperioden 2014 -2016 vil vera sterkt prega av Terra-saka og status som Robek-kommune. Plan for inndekking av det akkumulerte underskotet går fram til og med 2016 (på grunn av Terra-saka). Ein vidare reduksjon i folketal vil gi reduserte statlege overføringar frå staten, og vil krevja tilsvarende reduksjon i driftskostnadane.

Som Robek-kommune vil Vik kommune ha avgrensa høve til å finansiere prosjekt ved låneopptak. Det er forventa eit stort investeringsbehov for å ta att etterslep på vedlikehald og utsette tiltak.

1.3 Prioritering

Vik kommune høyrer til dei kommunane som har høge frie inntekter, inntekter som kan disponerast utan andre bindingar enn lover og forskrifter. Figur 1.3.1 viser korleis Vik kommune prioriterer tilgjengelege ressursar på dei ulike tenesteområda. Tala som viser fordelinga av netto driftsutgifter på dei ulike tenesteområda, er kommunen sine innrapporterte tal frå rekneskapen for 2013 til KOSTRA, (reviderte tal per 16.06.2014).


Figur 1.3.1 Netto driftsutgifter fordelt på dei ulike tenesteområda av kommunen sine totale netto driftsutgifter (KOSTRA, reviderte tal per 16.06.2014)



Grunnskulen får den nest største delen av kommunen sine netto driftsutgifter. Til grunnskule brukte kommunen 21,4 prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter i 2013.

Figur 1.3.2 viser fordeling av netto driftsutgifter på ulike funksjonar i grunnskulen. Indikatoren viser netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år , etter at tilskot frå staten og eventuelle andre direkte inntekter er trekt frå.


Figur 1.3.2 Del av netto driftsutgifter fordelt på ulike funksjonar i prosent



Figur 1.3.3 viser netto driftsutgifter til grunnskulen i Vik per elev, og korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulen per elev. Indikatoren viser kommunens egen tenesteproduksjon i grunnskulesektor, per elev. I KOSTRA vert korrigerte brutto driftsutgifter brukt som eit bilde på produktivitet/einingskostnader.

Netto driftsutgifter er i KOSTRA rubrisert under prioritering.

Figur 1.3.3 Netto driftsutgifter og korrigerte brutto driftsutgifter per elev



1.4 Framskriving av elevtalet i Vik kommune

Skulestrukturen i Vik kommune skal liggja fast så lengje elevgrunnlaget er til stades (Kommuneplanen 2013-2024).

Etter SSB sin prognose vil elevtalet i Vik kommune reduserast med 14 elevar frå 2014 til 2020 og med 36 elevar frå 2014 til 2040 (tabell 1.4.1).

Tabell 1.4.1 Prognose for utvikling av elevtalet i Vik kommune 2014-2040 (SSB-tal)

Elevar	2014	2020	2025	2030	2035	2040
6-12 år	222	205	203	203	200	190
13-15 år	91	94	87	87	88	87
6-15 år	313	299	290	290	288	277
Reduksjon 2014-2040		14	23	23	25	36

Tabell 1.4.2 viser året for skulestart for dei som er fødde i tidsrommet 2008-2013, reelle tal per 1. september 2014.

Tabell 1.4.2 Framskriving av elevtal for Vik 2014/15-2019/20 (basert på oversikt frå kommunen over barn som soknar til skulane i Vik kommune fødde i tidsrommet 2008 – 2013⁹) – nye førsteklasingar i kommunen per år

Skuleår	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
Fresvik	2	1	4	0	2	3
Feios	1	4	1	2	0	1
Vangsnes	4	5	5	1	5	2
Valsvik	0	1	3	0	1	1
Vik	16	19	19	14	20	15
Totalt	23	30	32	17	28	22

Samla elevtal i Vik kommune ligg på rundt ein klasse på første trinn i planperioden. Da er det ikkje rekna med eventuell tilflytting.

⁹ Framskriving av elevtalet er basert på talet fødde barn i krinsen frå 2008 til 2013, utan omsyn til netto tilflytting.

Merknad: Det føregår ein del flyttingar både innan kommunen og til/frå kommunen. Vik har ein del utanlandske (mest polske) arbeidsinnvandrarar med barn. Dette er såleis litt usikre tal med tanke på framtidige fyrsteklasingar på skulane. Tala er henta frå rapportar frå Winmed, journalsystemet til Helsestasjonen og tala er samanlikna med kommunen sine registreringar på fødde, tilflyttingar og fråflyttingar.

Tabellane 1.4.3 til 1.4.7 viser elevtalet i dei ulike skulekrinsane frå 2014/15 til 2019/20 ut frå reelle tal i Vik kommune per 09.09.2014.

Tabell 1.4.3 Framskrivning av elevtal på barnetrinnet i Fresvik

Fresvik	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
1. kl.	2	1	4	0	2	3
2. kl.	1	2	1	4	0	2
3. kl.	1	1	2	1	4	0
4. kl.	1	1	1	2	1	4
5. kl.	2	1	1	1	2	1
6. kl.	4	2	1	1	1	2
7. kl.	1	4	2	1	1	1
Sum	12	12	12	10	11	13

Tabell 1.4.4 Framskrivning av elevtal på barnetrinnet i Feios

Feios	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
1. kl.	1	4	1	2	0	1
2. kl.	1	1	4	1	2	0
3. kl.	2	1	1	4	1	2
4. kl.	3	2	1	1	4	1
5. kl.	5	3	2	1	1	4
6. kl.	3	5	3	2	1	1
7. kl.	3	3	5	3	2	1
Sum	18	19	17	14	11	10

Tabell 1.4.5 Framskrivning av elevtal på barnetrinnet i Vangsnes

Vangsnes	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
1. kl.	4	5	5	1	5	2
2. kl.	6	4	6	5	1	5
3. kl.	7	6	4	6	5	1
4. kl.	1	7	6	4	6	5
Sum	18	22	21	16	17	13

Tabell 1.4.6 Framskrivning av elevtal på barnetrinnet i Valsvik

Valsvik	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
1. kl.	0	1	3	0	1	1
2. kl.	2	0	1	3	0	1
3. kl.	4	2	0	1	3	0
4. kl.	4	4	2	0	1	3
5. kl.	2	4	4	2	0	1
6. kl.	3	2	4	4	2	0
7. kl.	2	3	2	4	4	2
Sum	17	16	16	14	11	8

Tabell 1.4.7 Framskriving av elevtal på barnetrinnet i Flatbygdi

Flatbygdi	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20
1. kl.	16	19	19	14	20	15
2. kl.	23	16	19	19	14	20
3. kl.	24	23	16	19	19	14
4. kl.	21	24	23	16	19	19
5. kl.	21	21	24	23	16	19
6. kl.	19	21	21	24	23	16
7. kl.	21	19	21	21	24	23
Sum	145	143	143	136	135	126

Tabell 1.4.8 Framskriving av elevtal på ungdomstrinnet på Flatbygdi skule 2014/15-2022/23 (Valsvik og Vangsnes er lagt inn)

Skuleår	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23
8. klasse	26	23	28	23	21	26	36	31	20
9. klasse	24	26	23	28	23	21	26	36	31
10. klasse	30	24	26	23	28	23	21	26	36
Totalt	80	73	77	74	72	70	83	93	87

Med elevane på ungdomsskuletrinnet frå Valsvik og Vangsnes på Flatbygdi skule, vil klassetalet overstiga ein klasse på 8. trinn, først i 20/21. I 21/22 vil det verta to klasser på 8. og 9. trinn, og i 22/23 vil det verta to klassar på 9. og 10. trinn. Eventuell tilflytting eller fråflytting er ikkje rekna med.

Tabell 1.4.9 Framskriving av elevtal på ungdomstrinnet på Feios skule 2014/15-2022/23 (tabellen inkluderer elevane på Feios og på Fresvik som kjem over til Feios i 8-10. klasse)

Skuleår	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23
8. klasse	10	5	4	7	7	4	3	2	3
9. klasse	3	10	5	4	7	7	4	3	2
10. klasse	4	3	10	5	4	7	7	4	3
Totalt	17	18	19	16	18	18	14	9	8

Dersom prognosen for framskriving av elevtalet i krinsane Fresvik og Feios slår til, vil elevtalet på ungdomstrinnet i 2021 og 2022 vera 9 og 8. Eventuell tilflytting er ikkje rekna med.

Foreldreerfart smertegrense for talet på elevar for å kunne oppretthalde ein skule, er 5-6 elevar. Dette gjeld både fagleg og sosialt. Ei anna grense går når det vert for stor spreing i alder mellom elevane.

1.5 Skulestruktur, stillingsheimlar og kompetanse

Skulestrukturen i Vik kommune ligg fast så lenge nye krav til kompetanse og pedagogiske opplegg kan oppfyllest (Kommuneplanen 2013-2024).

Fire av skulane i Vik kommune vert drivne som oppvekstsenter, med barnehage, skule og SFO under felles leiing. Samlokalisering mellom barnehage og skule lettar overgangen frå barnehage til skule ved at ein har naturlege treff- og samlingspunkt i det daglege. På oppvekstsentra er det vanleg å gjennomføra felles songstunder, temasamlingar og felles aktivitetar knytt til høgtider. Alle skulane har gode rutinar for overgangen mellom barnehage og skule.

Alle elevane i grunnskulen har rett til gratis leksehjelp, om dei ønskjer det. Det som er nytt etter endring i grunnskulelova, er at leksehjelp på dei høgaste trinna i grunnskulen, skal giast av pedagog. Sjå tabell 4.3 Tiltak pkt. 8.

Tabell 1.5.1 viser skulestrukturen, talet på stillingsheimlar og tilsette ved dei ulike skulane.

Tabell 1.5.1 Grunnskulen i Vik, skulestruktur, stillingsheimlar og talet på tilsette

Namn	Funksjon	Stillingsheimlar per 31.12.2013	Tilsette
Oppvekst	Administrativ leiing	1	1
Flatbygdi skule	Grunnskule 1-10 SFO	Skule: 24,7 SFO/assistent/leksehjelp: 1 Merkantil: 0,4	32
Valsvik oppvekstsenter	Grunnskule 1-7 Barnehage SFO	Skule: 4,1 Barnehage og SFO: 1,7	5
Vangsnes oppvekstsenter	Grunnskule 1-4 Barnehage SFO	Skule: 3,8 Barnehage: 3,1 SFO: 0,4	10
Feios oppvekstsenter	Grunnskule 1-10 Barnehage SFO	Skule: 7 Barnehage: 2,15	9
Fresvik oppvekstsenter	Grunnskule 1-7 Barnehage SFO	Skule: 3,35 Barnehage: 2	5
	Sum elevar 313	Sum stillingsheimlar 42,95	62 tilsette
Vik kultur skule	Kulturskule Idrettsskule	3,7	
Vaksenopplæringa	Kapittel 4A i opplæringslova	1,1	

Per 31.12.2013 hadde Vik kommune 42,95 stillingsheimlar i grunnskulen, pluss ein merkantil ressurs på 0,4 stilling ved Flatbygdi skule.

Når det gjeld kompetanse ved grunnskulen i Vik, har kommunen tilstrekkeleg kompetanse innan grunnskuleopplæring etter dei krav som gjeld i 2014. I 2014 er det 56 tilsette i

grunnskulen. Av desse er 10 lærarar med allmennutdanning mellom 60 og 69 år. I aldersgruppa 50 til 59 år er det 17 allmennlærarar. Når desse lærarane sluttar i skulen, må kommunen rekruttera lærarar i samsvar med dei nye krava om kompetanse (jf. Tabell 5.2.5.1 og 5.2.5.2). Den fagkompetansen som må erstattast når allmennlærarane vert pensjonistar, er norsk, engelsk, matematikk, kroppsøving og naturfag.

Kulturskulen

Kulturskulen gir tilbud innan både kultur og idrett. Det vert undervist i korps, kor, drill, dans, idrett og generell musikkopplæring. Kulturskulen har samarbeid med Flatbygdi skule om undervisning i musikk for ungdomssteget. For å auke rekruttering til Vik skulekorps har kulturskulen samarbeidd med skulane om eit korpsprosjekt for 4. klassingane (KIS/korps i skulen).

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæring har ansvar for opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar, introduksjonsprogrammet for nyankomne flyktningar i kommunen og grunnskuleopplæring for vaksne. Vaksenopplæringa skal også gi rettleiing for vaksne som ynskjer hjelp til søknad om godkjenning av utanlandsk utdanning, realkompetanse, og karriererettleiing.

Næringslivet i kommunen er ein viktig samarbeidspart, blant anna i samband med praksisplassar og språkpraksisplass for dei som deltar i Introduksjonsprogrammet.

Vaksenopplæringa gir undervisning til følgjande målgrupper:

1. Flyktningar (Introduksjonsprogrammet).
2. Spesialundervisning til dei som har krav om dette etter kapittel 4A i opplæringslova.
3. Tilflyttande vaksne som gjer krav på grunnskuleopplæring.

*Samarbeid innan oppvekstsektoren med andre kommunar*¹⁰

Barnehage- og skuleregion Sogn:

Sogn og Fjordane er «delt inn» i fire skuleregionar. Vik kommune er med i barnehage- og skuleregion Sogn. Barnehage- og skuleregionen er sentral i koordineringsarbeid i forhold til felles kompetansestrategiar, felles satsingar, samarbeid med andre aktørar (for eksempel Fylkesmannen, KS, ulike fagforbund, høgskule og liknande). I tillegg er regionen sentral for samarbeid om avvikling av munnleg eksamen.

System for styrka læring:

Dei 8 kommunane i indre Sogn er med i samarbeidet «System for styrka læring». Dette arbeidet kom i gong som fylgje av prosjektet «Sats på skulen, snu Sogn». Programmet er organisert under regionrådet og har ein stilling. For meir informasjon om «System for styrka læring» viser vi til eige vedlegg med programplan.

¹⁰ Sogn regionråd: Overordna programplan for System for styrka læring. Versjon 07.05.2014.

1.6 Skuleskyss og reisetid i Vik kommune

Når det gjeld samferdsel og kommunikasjonar har Vik kommune mellom anna følgjande utfordringar:

- Dårleg ferjefrekvens og inga nattferje frå/til Vangsnes.
- Rasutsett RV 13 Vik-Vangsnes og FV 92 Vik-Arnafjord.
- Dårleg breibandsdekning og mangelfull mobildekning.

Av delmål og tiltak i kommuneplanen 2013-2024 finn vi mellom anna følgjande:

- Rassikring av fylkesveg 92 til Arnafjorden og 182 Feios-Fresvik, samt utbetring av Vange bru. Utbetring av fylkesvegar i Feios må samordnast med uttak av skog og kraftutbygging.
- Vik kommune forventar at Staten sine planar legg inn gang/sykkelveg frå Vangsnes til Vik sentrum.
- Det skal lagast ein eigen temaplan for informasjonsteknologi.

Sogn og Fjordane fylkeskommune¹¹ nyttar rettleiande samla akseptabel reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg:

- omlag 45 min for 1.-4. klasse
- omlag 60 min for 5.-7. klasse
- omlag 75 min for 8.-10. klasse

Maks reisetid for elevane i Vik kommune, slik skulestrukturen er i 2014, er 50 min frå Arnafjord til Flatbygdi.

Reglane for skuleskyss i opplæringslova gir ei nedre grense for fri skuleskyss på 4 km for elevar på 2.-10. årstrinn og 2 km for elevar på 1. årstrinn. Elevar med farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengde.

Tabell 1.6.1 til 1.6.3 viser elevane si reisetid til skulen og frå skulen i 2014. Reisetida ein veg er frå eleven går på skulebussen til skulen startar. Reisetida frå skulen vert frå skulen sluttar og til eleven går av bussen.

Tabell 1.6.1 Skuleskyss til Flatbygdi¹²

Rutenr	Trasé	Start 1. elev	Skulen morgon	Reisetid	Skulen ettermiddag	Slutt siste elev	Reisetid
5401	Vangsnes	0755	0820	25 min	1405	1445	40 min
5201	Arnafjord	0745	0820	35 min	1405	1455	50 min
5405	Bødalen	0800	0820	20 min	1405	1415	10 min
5407	Ovridsdalen	0800	0820	20 min	1405	1420	15 min
5409	Seljedalen	0800	0820	20 min	1405	1420	15 min

¹¹ Skyssreglement for grunnskolen i Sogn og Fjordane, gjeld frå skuleåret 2013- 2014.

¹² Kjelde: Nettbuss

Tabell 1.6.2 Skuleskyss til Feios

Rutenr	Trasé	Start 1. elev	Skulen morgon	Reisetid	Skulen ettermiddag	Slutt siste elev	Reisetid
5605	Lunde	0800	0830	30 min	1415	1435	20 min
5606	Borlaug	0815	0830	15 min	1415	1420	5 min
5405	Fresvik	0750	0830	40 min	1415	1455	40 min

Tabell 1.6.3 Skuleskyss til Valsvik

Rutenr	Trasé	Start 1. elev	Skulen morgon	Reisetid	Skulen ettermiddag	Slutt siste elev	Reisetid
5602	Halset 1. tur (til buss Vik)	0740	0750 (busstopp)	10 min	1445 (busstopp)	1500	15 min
5602	Halset 2. tur (til skulen)	0830	0900	30 min	1435	1505	30
5602	Nese	0840	0900	20 min	1440 (buss)	1455	15 min

1.7 Skulebygg og uteområde

Skulestrukturen i Vik kommune ligg fast så lenge bygningsmessige rammer kan oppfyllest (Kommuneplanen 2013-2024).

Østlandsforskning har gjennomført prosjektet *Kunnskapsstatus om skulebygg* for utdanningsdirektoratet i mars 2008. Føremålet med dokumentstudien var å gjengi delar av nasjonal og internasjonal forskningslitteratur som omhandlar samanhengar mellom det fysiske miljøet og elevane sitt læringsutbytte.

Studien syner at det finst ein del forskning på kva følgjer skulebygg har for læring. Men det finst ikkje nok forskning til å kunne seia at ei utforming av skulebygg, eller ei bestemt form for organisering, er betre enn den andre. Andre faktorar, spesielt lærarar og foreldre, er viktigare for læringsmiljøet og læringsutbyttet. For at ein bestemt form for organisering av skulen skal fungera, må lærarane og foreldra vera med på det. Skule er med andre ord ein konstant “dugnad” mellom foreldre, elevar og lærarar.

Når det gjeld forskning omkring bygningsstandarden si tyding for læring, viser studiar at det er ein positiv samheng mellom standarden på skulebygget og elevane sine faglege prestasjonar. Eit vedlikehalde og reint skulebygg er med andre ord viktig for læringsmiljøet. Dyktige lærarar og godt leiarskap er langt viktigare enn skulen sin romlege organisering (storleik og planløyising).

Med omsyn til innklimaet i skulebygg er forskarane langt på veg einige om at eit sunt innklima er avgjerande for læringseffekten.

Vik kommune har eldre bygg som krev tilpassing til krav om universell utforming, luft og teknologi. Ein del bygg må graderast opp, men det er også gjort mange forbetringar. Dersom ein elev treng rullestol, trengst det ombygging og tilpassing. Flatbygdi og Vangsnes kan ta imot elevar i rullestol, men må gjera tiltak på sikt. På sikt må alle skulebygga tilpassast krav om universell utforming. Kommunen har eit stort etterslep på vedlikehald.

Uteområda bør graderast opp ved alle skulane. Skulane sin funksjon som fritidsarena, møtestad og kulturhus må vidareutviklast (kommuneplan 2013-2024). Tabell 1.7.1 gir ei arealoversikt for skulane i Vik. Figur 1.7.1 viser korrigerte brutto driftsutgifter til skulelokale per elev (6-15 år) i kommunen.

Tabell 1.7.1 Arealoversikt for skulane i Vik kommune

Totalareal

Her rekna areal som er avsett til skuleformål i kommuneplan av juni 2014, og som er tilgjengeleg for skulen sine formål pr. 2014. For alle utanom Flatbygdi skule er areal for barnehagen sine formål inkludert.

Bygning. Areal m2 BRA.

Areal er oppgjeve som «bruksareal /golvflate innafor yttervegger»: BRA.

Areal til andre formål enn skule er medrekna i arealet.

For Flatbygdi gjeld dette Idrettshall, symjehall og folkebibliotek.

For Feios gjeld det barnehage og trimrom

For Vangsnes, Valsvik og Fresvik gjeld det areal til barnehage .

Areal for desse er synleggjort i kolonna: **Anna enn skule**

Uteareal til bruk


Totalareal – bygningar = uteareal.

Tala i kolonna er ikkje fullt ut samanliknbare for dei ulike anlegga, fordi kvalitet og bruksverdi på uteareala er ulik. Skulane har og i ulik grad tilgang til friområde/idrettsanlegg i nærområdet.

Alle tal er avrunda.

<i>Skular</i>	<i>Totalareal m2</i>	<i>Bygning m2 areal BRA</i>	<i>Anna enn skule m2 areal BRA</i>	<i>Uteareal til bruk m2</i>
Valsvik	2200	800	100	1 700
Flatbygdi	20 000	6700	3700	16 000
Vangsnes	22 600	830	130	21 000
Feios	8000	1060	150	7 200
Fresvik	3900	1050	100	3 400

Figur 1.7.1 Korrigerede brutto driftsutgifter til skulelokale per innbyggjar 5-15 år, konsern



Vedlegg 2: Arbeidet med kommunedelplan - grunnskule

Vik kommunestyret er prosjekteigar (PE)

Politisk styringsgruppe valt av Formannskapet (SG)

- Rune Lunde, leiar
- Øydis K. Bøtun
- Leidulf Finden
- Monika Feidje Midlang
- Svein Erik Saglien
- Gyda Bøtun V.

Rådmann Oddbjørn Ese er prosjektansvarleg (PA)

Oppvekstsjef John Ole Vange er prosjektleiar (PL)

Fag-/Prosjektgruppa er leia av prosjektleiaren og har følgjande medlemmar:

- Anne Gro Stadheim, Rektor Valsvik
- Ole Jørgen Øygarden, Rektor Flatbygdi
- Jon Sunde, Rektor Vangsnes
- Jarle Christensen, Rektor Feios
- Kirsten Bøtun, Rektor Fresvik
- John Halset, Leiar FAU Valsvik
- Hilde Anett Tenold, Leiar FAU Flatbygdi
- Laila Kristin Sætre, Leiar FAU Vangsnes
- Hanneke Morell, Leiar FAU Feios
- Siri Wølneberg Bøthun, Leiar FAU Fresvik
- Heidi Rennestraum, HTV Utdanningsforbundet
- Inger Lise Fjærestad, Helsesyster
- Arne Ovrud, Hovudverneombod
- Ottar Wiik, Plansjef

Prosjektgruppa har hatt 3 samlingar i tidsrommet 25.06.2014 til 16.09.2014.

Ressurssenter for omstilling i kommunane (RO) ved seniorrådgivar Møyfrid Hallset har gitt proseshjelp i prosjektgruppa og har ført kommunedelplanen i pennen.

Under arbeidet med planen er det gjennomført to forankringsseminar. Eitt den 11.08.2014 i samband med oppstart av nytt skuleår for alle tilsette i barnehage, skule og kulturskule. Det andre vart gjennomført på Vangsnes skule den 15.09.2014 for foreldre og tilsette i skulane.

Vedlegg 3: Årsmelding frå skulane 2013

Valsvik oppvekstsenter

Valsvik skule hadde hausten 2013 19 elevar frå 1. – 7. klasse. Satsingsområde er lesing i alle fag og godt skulemiljø. I barnehagen er det 6 born og satsingsområde er Kunst, kultur og kreativitet.

Skulen og barnehagen har eit godt samarbeid med mange felles arenaer. Året startar med felles planleggingsdag. 5 åringane i barnehagen er med dei yngste på skulen ein time i veka slik at overgangen til 1. klasse vert god. Barnehagen er og med skulen på bading. Annakvar veke er heile barnehagen med skulen ein time. Vi har felles skulemåltid, songsamlingar, ski- og skogsturar, felles foreldremøte. Nytt i år er samarbeid med kulturskulen. Elevar i 4-7 klasse har korpsundervisning ein skuletime i veka.

Sidan 2010-2011 har 7. klassen hospitert hjå 7. klassen på Flatbygdi skule for å få ein mjuk overgang. Skulen er og med Flatbygdi på fotball dagar, skidagar, DKS m.m

Skulen er med i eit nettverk med andre fådelt skular i Vik og Balestrand kommune. Lese- og skriveopplæringa står sentralt i skulen, samt fokus på skulemiljøet og relasjonane elev/elev, lærar/elev og skulen/føresette.

Flatbygdi skule

Flatbygdi skule hadde hausten 2013 230 elevar og hadde lesedugleik, tilpassa opplæring og skulemiljø som satsingsområde. Alle trinna har jobba med leseforståing og lesedugleik i alle fag. Skulen har hatt særskild fokus på godt skulemiljø og arbeid mot mobbing. Nettvet er ein integrert del av dette.

Skulen har jobba mykje med bruk av resultata på nasjonale prøvar og revidering av lokale læreplanar.

Dataparken er utvida slik at tilgangen til IKT no er god på alle trinn.

Det vert lagt vekt på gode overgangar frå grunnskulen til vidaregåande skule. Samarbeidet med rådgjevarar på vidaregåande skular er godt.

I samband med arbeidspraksis for elevane i 10.klasse møter vi svært positive haldningar frå næringslivet i Vik kommune.

Skulen er inne i prosjektet *psykologisk fyrstehjelp* (initiert av System for Styka Læring). Det er eit forskingsprosjekt som har som føremål å styrka den mentale helsa til elevane. Prosjektet si målgruppe er mellomtrinnet og ungdomsskulen.

Flatbygdi har fire valfag på ungdomstrinnet (8.klasse, 9.klasse): Design og redesign, fysisk aktivitet og helse, medier og informasjon og teknologi i praksis.

Skulen har hatt godt samarbeid med fleire instansar:

- Kulturskulen gjennom prosjektet Korps i Skulen der målgruppa er elevar på 4. og 5. trinn
- Samarbeid med musikkskulen om lærarkrefter i positivt skulemiljø, PSM.

- PPT / BUP / Barnevern / helsesøster/ Ungt entreprenørskap / Vik fengsel
- Vik barnehage. Overgang barnehage - skule
- Skulen er med i regionale fagnettverk i Indre Sogn
- Har leiaransvar for rektornettverket i skuleregion Sogn

Vangsnes oppvekstsenter

Vangsnes skule talde hausten 2013 19 elevar frå 1. – 4. klasse. Satsingsområda har vore lesing (STL metoden), matematikk og skulemiljø. Ein styrke for trivselen til elevane har vore at skulen nyttar seg av muligheiter for fysisk aktivitet inne og ute i skulen sitt nærmiljø. Her kan det nemnast at ein har halde fram som tidlegare år og hatt fysisk aktivitet kvar morgon, fellesmåltid kvar 14. dag og uteskule.

Barnehagen med sine 16 born har Kunst, kultur og kreativitet som hovudtema. Her har ein teke i bruk ulike metodar og arbeidsformer.

Samarbeid skule og barnehage har vore knytt til song, leik og musikk. Skulen og barnehagen har også gått i lag om utøving av program til ulike arrangement som til dømes 17. mai, underhaldningsturne til Vik og i kyrkjelege samanhengar.

Feios oppvekstsenter

Feios skule hadde hausten 2013 36 elevar. Lesing, pedagogisk bruk av nettbrett og skulemiljø har vore satsingsområde. I barnehagen er det 11 born og satsingsområdet der er Kunst, kultur og kreativitet.

Skulen og barnehagen har eit godt samarbeid og har fleire felles arenaer. Dei eldste i barnehagen har eit tilbod med skulen kvar veke, slik at overgangen til 1. trinn blir god. Ein time i veka er heile barnehagen i lag med 1.- 4.trinn på kulturstund. Skuleåret 2013/14 har femåring frå barnehagen vore med når dei minste i skulen er i Vik på bading.

Skulen er med i eit nettverk med andre fådelte skular i Vik og Balestrand kommune. Lærarane har vore særleg kursa med tanke på satsingsområda våre dette skuleåret. Lese og skriveopplæring står sentralt, samt fokus på skulemiljøet og relasjonane elev/elev, lærar/elev og skulen/føresette.

Fresvik oppvekstsenter

Fresvik skule hadde hausten 2013 13 elevar frå 1.-7. klasse. Satsingsområda er lesing i alle fag, entreprenørskap, kontakt med bygda og Den naturlege skulesekken. I barnehagen er åtte born og satsingsområdet er Kunst, kultur og kreativitet.

Kompetansearbeid og kursing vert vektlagt. Lærarane deltek på fagnettverk i regionen – for fådelte skular («Frå ord til handling») og samlingar i Den Naturlege skulesekken (DNS). Skulen og barnehagen har godt samarbeid på ei rekkje felles arenaer som ei fast lesestund i veka, karneval, påskelunsj, adventstunder og ulike underhaldningsarrangement. 5-åringane er i skulen 4 t/v etter jul. Skuleåret 2013/14 har 4- og 5-åringane vore med på bading i Vik.

Fresvik skule og barnehage legg stor vekt på identitet gjennom bruk av lokalsamfunnet i undervisninga og samarbeider tett med lag, organisasjonar og bedrifter i bygda. Gjennom fleire år har skulen fått tildelt midlar til ulike prosjekt i DNS og jobbar tett med naturfagsenteret ved UIO.

I tillegg har det blitt samarbeidd tett med Feios skule/barnehage om personalressursar, planleggings dagar, DKS og aktivitetsdagar som Tinestafett.

Vedlegg 4: Skulane i Vik kommune – positive kjenneteikn

Informantane i arbeidet med kommunedelplanen for grunnskulen 2014-2024 er fornøgde med skulane i dag. Skulane har mange "spesialitetar" både pedagogisk, teknisk og i bruk av nærmiljø og natur, noko som gjer dei enkelte skulane særleine.

Elevtal og storleik på skulane i Vik kommune inneber at ingen av skulane kan seiast å vera store. Det vart i arbeidet med kommunedelplanen for grunnskulen, presisert at sjølv Flatbygdi skule med sin 145 elevar på barnetrinnet, må reknast som ein liten skule.

Positive trekk ved skulane frå informantane:

- Oppvekstsentra gir levande bygder.
- Enkel overgang mellom barnehage og skule gir tryggleik.
- Skulen er eit samlingspunkt i bygdi.
- Tilknytning til lokalsamfunnet gir identitet og nærleik, jamfør læreplanverket som legg vekt på opplæring med utgangspunkt i elevane sitt nærmiljø.
- Lokal kjennskap til bygdi – skaper identitet og fellesskap.
- Det er god kontakt mellom elev-lærer-foreldre. Det fortel mellom anna elevundersøkinga.
- Elevane er saman med dei same barna både i skulen og etter skuletid.
- I dagens struktur er det god kvalitet på opplæringstilbodet.
- Skulane gir fleire arbeidsplassar i bygdene.
- Elevane har kort skuleveg og trygg skuleveg.
- Fysisk aktivitet, bruker også uteområdet i undervisning. Kombinerer praktisk og teoretisk kunnskap.
- Færre elevar per klasse gir større fleksibilitet for individuell tilpassing.
- Det er lettare å fange opp enkeltelevane sine behov i små skular (små klasser), og tett oppfølging av enkeltelevar, både flinke og dei med særlege behov.
- Små einingar gir oversiktleg miljø, betre kjennskap til kvar elev.
- Det er høg «vaksentettleik» i dei minste einingane.
- Elevane lærer å forhalde seg til kvarandre på tvers av alder, utviklar omsorgsevne og utviklar sosiale ferdigheiter.
- Trivselsundersøkingar viser stor grad av trivsel.
- Vik kommune har jamt over gode eksamensresultat for grunnskulen.

Vedlegg 5: Programplan system for styrka læring

